TEATERFESTIVALEN i FJALER

2020

PROGRAM

- EIN ANNLEIS TEATERFESTIVAL!

Det er rart kor raskt ein venner seg til det uverkelege. I 2016 inviterte vi bygda til «overlevingspark» - ein dag med fokus på beredeskap, der ein kunne lære om måtar å overleve i naturen, f.eks. om ein solstorm eller ein pandemi skulle ramme. Dette sjølvsagt med eit glimt i auget. Men så sto vi plutseleg der, i mars 2020, og hamstra kveitemjøl og gjær i smug. Kjente korleis panikken steig, og gjekk ein stor omveg da vi møtte naboen på veg heim.

For pandemien kom den, og vi skjønte etter kvart at det omfattande festivalprogrammet vi sto klare til å lansere, ikkje ville la seg gjennomføre. Kva skulle vi gjere? Å avlyse kjentes feil. Å sjå strøymingane av kulturopplevingar på nett kjentes mest einsamt. Det måtte da finnast andre måtar å dele opplevingar på - enn via nett?

Så - vi bestemte oss for å invitere eit utval scenekunstnarar til å utforske kva eit teatermøte kunne vere. Distansert, eller i små grupper - men *levande og tilstades*. Vi ville utfordre kunstnarane gjennom å tilby dei heilt andre rammer enn det dei er vande med. Og i staden for å programmere etter eit samlande tema, slik vi brukar, har vi i år latt FHI sine mittevernreglar vere overbygginga til programmet.

Likevel ligg det mykje risiko i årets program - av den kunstnarlege sorten. Med heile 23 (!) premierar i små- og storformat, i tillegg til det største barneprogrammet festivalen nokonsinne har hatt, er vi stolte over at vi no kan ynskje velkommen til denne annleis-utgåva av Teaterfestivalen i Fjaler.

Framsyningane finn du der du minst ventar dei: I verket

«Røyst - høyrespel for fjorden» sit publikum i båtar og høyrer lyden frå Desibel - verdas største mobile hornhøgtalar. På kunstgrasbana lagar Vinge/Müller «Fotballspelet» med mange lokale aktørar. Jonas Øren reiser på turné gjennom hagane i bygda med ti ulike danseframsyingar. Masterstudentane frå Kunsthøgskolen i Oslo inntek garasjar og naust i bygda laurdagskvelden. I dei gamle lokala til Sunnfjord Sag kan du gå på piknikteater og oppleve figurteater frå New York. Vi veit også at mange i bygda gler seg til konsert med Gaahls WYRD på fergekaia, som vert i staden for den tradisjonelle dugnadsfesten laurdagskvelden. Og årets Festivalavslutning vert på Slettelandsstølen, der Vadmelsbanden syter for ein unik og stemningsfull kveld.

For borna vert det óg mykje program. Vi har samarbeidd med DKS i Vestland om å vise den Heddaprisvinnande «We Come from far, far away» med kompaniet NIE, og barnehagane vert inviterte til å sjå «Forunderlige fortellinger» med Sarah Camille. På laurdag vert det «Teaterdag for born», der små og store born kan være med på fleire spennande framsyningar. Det vert ope kafé for born og unge i Samvirket med drop-in-disco, og escape room i dei gamle fengselslokala i Dale.

Vi håpar du les programmet grundig og skaffar deg oversikt over alt som skjer - i år vert det færre publikumsplassar enn vanleg, så det er lurt å skaffe seg billettar i tide. Og - om du kjenner nokon som ikkje er så vande med billettkjøp på nett - tilby dei hjelp! Vi ynskjer alle ein god og annleis teaterfestival: Ta vare på kvarandre, vask hendene og hald avstand!

– Vennleg helsing festivalstyret.

TORSDAG 10.09.

17.00	RIPE - short stories of the gardens of Dale : «APRÈS MIDI D'UN FAUNE»/ Jonas Øren Trossevegen 2
18.00	We come from far, far away/ NIE Samvirket Scene
18.00	Båten/ Kjetil Solberg Stavenes Gamlemoloen
20.00	Animal R.I.O.T./ Wakka Wakka Sunnfjord Sag (Bygstad)
21.00	Festivalbaren er open! Samvirket
21.30	RIPE - short stories of the gardens of Dale: «VESTALINNE I & II»/ Jonas Øren Jakob Sandeveg 33

FREDAG 11. 09.

13.00	Båten/ Kjetil Solberg Stavenes Gamlemoloen
15.00	Radio Fjaler: «Om fjell, frykt og kjærleik» Podcastsending i Samvirket
16.00	Escape Room (opent til 20.00) Fengselet under gamle Sparebanken
16.30	Forunderlige fortellinger/ Sarah Camille Trudvang
17.00	RIPE - short stories of the gardens of Dale: «NOSTALGIA I»/ Jonas Øren, Bjerga 73

17.00	**Båten**/ Kjetil Solberg Stavenes Gamlemoloen
18.00	**Røyst - høyrespel for fjorden**/ Desibel Dalsfjorden (oppmøteinfo ved billettkjøp)
19.00	**RIPE - short stories of the gardens of Dale:** «NOSTALGIA II»/ Jonas Øren Dalsåsvegen 35
21.00	**Fotballspelet**/ Vinge /Müller Kunstgrasbana

LAURDAG 12. 09.

09.00	**RIPE - short stories of the gardens of Dale:** «HELIOGABALUS I»/ Jonas Øren Jakob Sandes veg 49
10.00	**Røyst - høyrespel for fjorden**/ Desibel Dalsfjorden (oppmøteinfo ved billettkjøp)
10.00	**Det usynlege barnet**/ Teater Vestland Stjernetårnet (Yksnebjør bhg.)
11.00	**Store, skumle Moby Dick**/ Teater Ibsen Granden (Dale gard, naust ved brua)
11.00	**Aktivitetar i sentrum!** Samvirket, **Escape Room** og **Fotballutstilling** held ope !
11.30	**Det usynlege barnet**/ Teater Vestland Stjernetårnet (Yksnebjør bhg.)
12.00	**Ripe - Short Stories for the gardens of Dale:** «HELIOGABALUS II»/ Jonas Øren Bjerga 34
13.00	**Radio Fjaler: «Fotballspesial»** Podcastsending i Samvirket

13.00	**Båten**/ Kjetil Solberg Stavenes Gamlemoloen
13.00	**Sirkus Stig og Henny**/ Wakka Wakka Trudvang
13.30	**Det usynlege barnet**/ Teater Vestland Stjernetårnet (Yksnebjør bhg.)
14.00	**Hundrevis av barn i vill kamp**/ Kilden Teater Samvirket Scene
15.00	**Det usynlege barnet**/ Teater Vestland Stjernetårnet (Yksnebjør bhg.)
15.00	**Store, skumle Moby Dick**/ Teater Ibsen Granden (Dale gard, naust ved brua)
16.00	**Sirkus Stig og Henny**/ Wakka Wakka Løa i Jakob Sande-tunet
16.00	**Båten**/ Kjetil Solberg Stavenes Gamlemoloen
17.00	**Hundrevis av barn i vill kamp**/ Kilden Teater Samvirket Scene
18.00	**Ripe - Short Stories for the gardens of Dale: «HELIOGABALUS III»**/ Jonas Øren Dokterbakken 27
18.00 - 22.00	**Som en fremmed fauna**/ KHIO Master Heile Dale!
19.30 - 22.00	**Drop-in-disko for små grupper**/ DJ GROVI Samvirket Scene
21.30	**Gaahls Wyrd**/ Konsert Fergekaia i Dale

24.00 Ripe - Short Stories for the gardens of Dale
«SOMEWHAT DECONSTRUCTED»
Jonas Øren
Jakob Sande-tunet

SØNDAG 13. 09.

11.00 Ripe - Short Stories for the gardens of Dale
«MANUS»/ Jonas Øren
Toppen 5

12.00 Escape Room og fotballutstilling
held ope (til 17.00)

12.00 Nordavinden/ Teater Vestland
Dagsturhytta Vidsyn

12.00 Båten/ Kjetil Solberg Stavenes
Gamlemoloen

13.00 Radio Fjaler: «Kunst i koronatida»
Podcastsending i Samvirket

14.00 Løgn varar lengst/ Aslak Moe
Samvirket Scene

15.00 Båten/ Kjetil Solberg Stavenes
Gamlemoloen

16.00 Røyst - høyrespel for fjorden/ Desibel
Dalsfjorden

18.00 Ripe - Short Stories for the gardens of Dale:
«HØGT ANGER»/ Jonas Øren
Dalsvegen 99

20.30 Høstbade/ Vadmelsbanden
Steiestølen (oppmøteinfo ved billettkjøp)

RØYST - HØYRESPEL FOR FJORDEN
Desibel

fredag 11.09. kl. 18.00
laurdag 12.09. kl. 10.00
søndag 13.09. kl. 16.00

Dalsfjorden



foto: David Zadig

- Med fjorden som scene!

Da koronakrisa ramma, inviterte vi tre dramatikarar og to komponistar til å gå saman kvar for seg, og lage eit høyrespel for Desibel - verdas største mobile hornhøgtalar. Tanken var at publikum skulle få oppleve verket frå båtar på fjorden.

Dramatikarane Mari Hesjedal (Voss), Camara Lundestad Joof (Oslo) og Emma Crowe (London/Dale) er tre unike og sterke stemmer i norsk og britisk dramatikk, som skriv frå kvart sitt perspektiv. I arbeidet med «Røyst» har dei etter tur vore på skriveopphald i Vevring i Sunnfjord, der hornet har sitt opphav. Dei har sete ved det same vindauget, sett ut over den same fjorden. I verket «Røyst - eit høyrespel for fjorden», vil dei tre dramatiske tekstane tonesett av komponistane Sjur Miljeteig og Terje Isungset.

Med billetten får du plass på ein av båtane som festivalen organiserer. Du får info om oppmøtestad når du kjøper billett. Du kan også oppleve verket frå land, i Bortheimsvika. Dei som har eigen båt er velkomne til å oppleve verket, men gjer vel og skru av motoren!

Tekst: Camara Joof Lundestad, Mari Hesjedal, Emma Crowe. Musikk: Terje Isungset og Sjur Miljeteig. Konsept og regi: Torkil Sandsund. Skodespelarar: Kyrre Eikaas Ottersen, Idun Losnegård, Reidun Melvær Berge. Røyst er produsert av Teaterfestivalen i Fjaler, med støtte frå Dramatikkens Hus og Teater Vestland, Norsk Kulturråd, Fritt Ord og FFUK.

FOTBALLSPELET
Vinge/Müller

fredag 11.09. kl. 21.00

Kunstgrasbana i Dale

- Vinge/Müller gjenskapar den viktigaste fotballkampen i noregshistoria!

Den tysk/norske duoen Vinge/Müller har gjennom eit drøyt tiår utgjort eit av dei mest tonegivande kompania i europeisk teater. Dei er kjende for sine ekspressive, stiliserte og spektakulære teaterhendingar, som strekk seg langt utover standardformatet både i tid og størrelse. Deira Ibsen-saga kan sjåast som eit av hovudverka i moderne teaterhistoria.

Denne kvelden er det rett nok ikkje Ibsen og teaterhistorie, men snarare fotballhistorie vi skal få oppleve. Nærare bestemt ei historisk hending på Ullevål Stadion, 9. september 1981. Første akt begynner i utstillinga i den gamle malebutikken til Solheim, og vi ber publikum møte opp der. Det vert felles avgang derfrå til kunstgrasbana. Og der kan alt hende, for dette er teater i stuntformat - og det skjer one night only! Open kiosk under framsyninga!

Under festivalen vil Vinge/Müller óg ha ei utstilling nede i den gamle malebutikken til Solheim, med fotballbilete og fotballmerch. Utstillinga held ope torsdag til søndag, og er vel verdt å besøke!

Medverkande: Vegard Vinge, Ida Müller, Dale musikkkorps, elevar frå Hyllestad og Fjaler kulturskule, mfl.
Produsert av Teaterfestivalen i Fjaler med støtte frå Norsk Kulturråd.

RIPE - SHORT STORIES FOR THE GARDENS OF DALE

Jonas Øren

torsdag 10.09. kl. 17.00 og kl. 21.30
fredag 11.09. kl. 17.00 og kl. 19.00
laurdag 12.09. kl. 09.00, kl. 12.00, kl. 18.00 og kl. 24,00
søndag 13.09. kl. 11.00 og kl. 18,00

Hagar i Dale

- Dansesolo på hageturnè!

Vi har invitert dansekunstnar Jonas Øren til ein heilt spesiell danseturnè - gjennom 10 utvalde hagar i Dale. Med seg har han gitarist Tormund Blikra Vea som vil spele live under framsyningane.

Jonas Øren er frå Høyanger, men har base i Oslo der han arbeider som dansar og koreograf. I dette verket tek Øren utgangspunkt i sine eigne røter, og i sin lengt til vestlandsnaturen. Med utgangspunkt i omgrepet «Nostalgia» vever han inn element frå Høyanger si historie, såvel som fascinasjonen for eventyrskapnader og historieforteljing i den klassiske balletten.

Kvar hage får presentert ei eiga framsyning, som hentar inspirasjon frå fjern og nær: frå Roma i førkristeleg tid, til samtidshistorie frå Høyanger. Framsyningane varar 15 - 30 minutt. Gratis inngang for dei med pass, men det er få plassar, så ein må likevel bestille billett på www.ticketco.no.

Av og med: Jonas Øren. Musikk: Tormund Blikra Vea (live), Erik Spanne. Produsert av Teaterfestivalen i Fjaler

foto: Emma Sucalik

torsdag 10.09.	kl. 17.00 :	APRÈS MIDI D'UN FAUNE *Trossevegen 2*
torsdag 10.09.	kl. 21.30 :	VESTALINNE I & II *Jakob Sandeveg 33*
fredag 11.09.	kl 17.00 :	NOSTALGIA I *Bjerga 73*
fredag 11.09.	kl. 19.00:	NOSTALGIA II *Dalsåsvegen 35*
laurdag 12.09.	kl. 09.00 :	HELIOGABALUS – RIPE I *Jakob Sandes veg 49*
laurdag 12.09.	kl. 12.00:	HELIOGABALUS – RIPE II *Bjerga 34*
laurdag 12.09.	kl. 18.00 :	HELIOGABALUS – RIPE III *Dokterbakken 27*
laurdag 12.09.	kl. 24.00 :	SOMEWHAT DECONSTRUCTED *Jakob Sande-tunet*
søndag 13.09.	kl. 11.00 :	MANUS *Toppen 5*
søndag 13.09.	kl. 18.00 :	HØGT ANGER *Dalsvegen 99*

ANIMAL RIOT
Wakka Wakka

torsdag 10.09. kl. 20.00

Sunnfjord Sag (Bygstad)



- Piknik-teater frå New York-basert figurteaterkompani!

Wakka Wakka er eit figurteaterkompani med base i New York, etablert i 2001. Kompaniet er kjent for sine overdådige og underhaldane figurteaterframsyningar for vaksne. I samband med koronakrisa har kompaniet no laga ei utandørsframsyning, som går føre seg både her i Dale og i New York via digital overføring. Publikum opplever framsyninga på pikknikteppe, som dei får utlevert når dei kjem.

Animal R.I.O.T. (Animal Resurgence In Our Time) er ein serie framsyningar med anerkjente anonyme teaterartistar og dokkespelarar under leiing av The Fantastic Mr. Fox (grunnleggar og leiar av Animal R.I.O.T). Bioeksentrisme, bevisstheit, antropomorfisme, mimesis og metamorfose står sentralt i prosjektet som konsentrerer seg om menneske og ville dyr. Gjennom dokkespel, song, dans, kommunikasjonsøvingar og dyreperspektiv-workshops, håper The Fantastic Mr. Fox å bidra til å betre kontakta med andre levande organismer.

Lengde: ca. 60 min. For ungdom og vaksne. Det blir for det meste snakka engelsk. Les meir på www.animalriot.org.

Tilstades: The Fantastic Mr. Fox. Via internett: Frogger, The Real Batman, Lady Opossum, Smokkur, Yellow Poison m.fl. Produsert av Wakka Wakka med støtte fra Norsk Kulturråd, Akershus Teater, Spenn, Fond for Lyd og Bilde og Oslo Kommune.

BÅTEN
Kjetil Solberg Stavenes

torsdag 10.09. kl. 18.00
fredag 11.09. kl. 13.00 og 17.00
laurdag 12.09. kl. 13.00 og 16.00
søndag 13.09. kl. 12.00 og 15.00

Gamlemoloen

-Båtpussing og forteljarteater - med draum om fjorden!

«Å ha båt bygger karakter/ la oss ta en grusomt vakker tur / på sjøen hvis den er ferdig truttna/ hvis vi får start på den/ hvis ingen dør før vi er kommet oss utpå»

Kjetil Solberg Stavenes er scenekunstnar, poet og historieforteljar ved Den Mangfaldige Scene. Han har eit fysisk og leikent uttrykk, forteljarstilen er målarisk - han er som regel på vippepunktet mellom rein tragedie og sprø tragedie.

I «Båten» vert publikum i små grupper inviterte med inn til eit intimt forteljarteater, der dei får delta aktivt i prosessane - både med å finne eit språk som rommar eit personleg tap, og få oppfylt ein drøm om å få ei gamal sjekte på sjøen.

Lengde: ca. 60 min. Framsyninga tek imot 10 publikummarar pr. gong. Hugs å kle dykk etter veret.

Av og med: Kjetil Stavenes Solberg. Produsert av Teaterfestivalen i Fjaler med støtte frå Jakob Sande-senter for forteljarkunst.

SOM EN FREMMED FAUNA
KHIO
Master i teater kull 2019

laurdag 12.09. kl.18.00 - 22.00

Garasjevandring i Dale



Bilde av Natali Abrahamsen Garner

- Garasjevandring i Dale!

Vi fortsetter vårt samarbeid med Kunsthøgskolen i Oslo, som for tredje gong vil har sendt sine masterstudentar til Dale for å skape sine prosjekt på festivalen. I år inviterer dei til ei heilt spesiell «garasjevandring» i Dale på laurdagskvelden. Publikum kan vandre mellom garasjar, naust og båthus og sjå, høyre og oppleve teater, performance, musikk og installasjonskunst.

Kunstnaranes tankar bak: I «Som en fremmed fauna» ynskjer studentane ved Master i teater kull 2019 å finne sin plass i den eksisterande kvardagsrytmen i Dale. Saman vil dei forsøke å stake ut eit felles samspel mellom det eksisterande og det ukjente, og sjå om dei kan skape ein form for djupare nærvær, i ei tid dominert av avmakt og avstand.

Detaljert program for kvelden, med kart over dei ulike hendingane vil vere tilgjengeleg på festivalkontoret og i Dale sentrum på laurdagen. Vi vil óg publisere det på nettsidene våre! Møt opp og bli med på ei spesiell vandring i Dale! Sal av mat og drikke i sentrum.

Master i teater kull 2019 på Kunsthøgskolen i Oslo er:
Sara Baban / Lea Agathe Basch Opheim / Jo Even Bjørke / Ingri Enger Damon / Tina Sofie Frostrud / Natali Abrahamsen Garner / Lærke Grøntved / Ingrid Liavaag / Linda Gathu / Mine Nilay Yalcin / Kyrre Heldal Karlsen.

GAAHLS WYRD
Konsert

fredag 11.09. kl. 21.30

Utekonsert på fergekaia i Dale



foto: Jørn Veberg

- Norges råaste svartmetallband og lyskunst på Helleberget!

Etter Ingolf Arnarson, er det få Fjalerbuarar som har vekt meir merksemd internasjonalt enn musikaren Kristian Espedal aka GAAHL. Han har sidan 90-talet vore ein pioner i norsk svartmetall, og har opparbeida seg legendestatus som vokalist i svartmetallbanda Gorgoroth, God Seed og Trelldom. Han har óg ei karriere som kunstnar og driv galleri Fjalar i Bergen.

Gaahls WYRD er det nyaste bandet til Espedal. Bandets si siste plate «Gastir - ghost invited» har fått strålande kritikkar i in- og utland, og fekk i fjor spellemannsprisen for beste metal-album. Bandet har rykte på seg for å lage nokre av dei råaste liveopplevingane på svartmetallscena. Det er difor ei aldri så lita historisk hending når Espedal no vitjar ei scene i Fjaler. Bakteppet vil vere Dalsfjorden, og lyskunstnar Kyrre Heldal Karlsen vil akkompagnere konserten med lyskunst projisert på Helleberget. Kaia Pub står for serveringa under konserten. Dette vert ei totaloppleving verdt å få med seg!

Allmuen kafe & Interiør inviterer til Gaahls WYRD - vorspiel frå kl. 16.00, med DJ-ar frå Apollo i Bergen! (18-årsgrense)

Gaahls Wyrd består av: Kristian Espedal, Ole Walaunet (The Batallion, God Seed, Grimfist), Frode Kilvik (Krakow, Aeternus), og Kevin Kvåle (Horizon Ablaze)

LØGN VARAR LENGST
Aslak Moe

søndag 13.09. kl. 14.00

Samvirket scene

foto: Kai Flatekvål

- Om ein forelders kamp mot systemet.

Aslak Moe er ein instruktør som har spesialisert seg i å nytte røyndommen som råstoff. Bak seg har han fleire produksjonar som formidlar særs personlege møte mellom mennesket på scena og oss som sit i salen.

Frå si eiga erfaring med delt foreldreskap, eit personleg møte med «foreningen 2 foreldre» og ein massiv research i norske foreldretvistar, står no Aslak der med forteljinga om ein far i ein splitta familie. Det er ei forteljing som belyser nye sider ved det norske rettsapparatet. Med «Løgn varar lengst» tek Aslak sitt røyndomsprosjekt endå vidare med ei historie som har gripe så sterkt tak i han at han vil formidle den sjølv.

Regissør Aslak Moe har stått bak fleire av publikusmfavoritane på Teaterfestivalen i Fjaler. Han var her første gong me «0+0=4» i 2013, ei dokumentarframsyning som omhandla norske justismord. Deretter med ei lesing av «Rovdyr» i 2014, om norsk rovdyrpolitikk. Han hadde også regi på den sterke og personlege monologframsyninga "Fire begravelser og ett bryllup" med Morten Joachim, som vitja festivalen i 2018. Vi er veldig glade for at Aslak vel å ha premieren på «Løgn varer lengst» på årets teaterfestival!

Av og med: Aslak Moe. Dramaturg: Solrun Toft Iversen. Ein samproduksjon mellom Aslak Moe og Det Vestnorske Teatret.

HØSTBADE
Vadmelsbanden

søndag 13.09. kl. 20.30

Slettelandsstølen

- Stemningsfull festivalavslutning på Slettelandsstølen.

Siste kvelden på festivalen inviterer vi publikum opp til vatnet på Slettelandsstølen for ei spesiell og stemningsfull oppleving, der element frå rollespel, hornmusikk og bålfest sett ramma for ei nyskreven scenetekst av Simen Formo Hay.

Framsyninga er ei vidareføring av verket "Isprinsessen" som vert synt i Østmarka i Oslo, februar 2020. Om «Isprinsessen» er det sagt:

"Isprinsessen var vinterens mest optimistiske teaterøyeblikk. På et magisk vis greier denne produksjonen å forene natur og kunst med et ungt kunstnerisk team som gir all grunn til optimisme med tanke på fremtidig scenekunst i dette landet."
Kjell Moberg, kunstarleg leiar for NIE

Treng du transport? Det vert satt opp buss frå Firda Billag i Dale kl. 20.00. Få plassar - påmelding på festivalen sitt billettkontor! Dei som køyrer eigen bil, må møte opp ved Røde Kors-hytta.

Idé/konsept: Sebastian Lorentz Warholm/Ole Petter Ribe, tekst: Simen Formo Hay, regi: Sebastian Lorentz Warholm, komponist: Eirik Vildgren, scenografi/kostyme: Ole Petter Ribe, medverkande: Jacob Jensen, Dale musikkorps og lokal ungdom, m. fler. Produsert av Teaterfestivalen i Fjaler.

WE COME FROM FAR, FAR AWAY
NIE

torsdag 10.09. kl.18.00

Samvirket scene



- Heddaprisvinnande framsyning om born på flukt.

Inne i det store teltet er det eit lite telt, og inne i det lille teltet er det ein gut. Han har reist langt. Han har stort sett reist aleine. Han vil vise deg tinga han har med seg. Han vil óg fortelje deg kvifor han reiste, og om vegen han tok, men han kan ikkje fortelje korleis historia ender…

"We Come from Far, Far Away" er eit forsøk på å skape dialog om born på flukt. Ramma er den langvarige krisa i Syria, og stykket er basert på historier samla inn på Hvalstad transittmottak for mindreårige asylsøkere i Asker. I stykket følgjer vi ungdommane Omar og Abdallah på deira flukt frå Aleppo i Syria, fram til ein av dei landar på Oslo S. Historia spelast ut ved hjelp av levande musikk, forteljing, clowning og skuggeteater.

Kompaniet NIE lagar ofte framsyningar som handlar om håp, overleving og livskraft, og er kjent for sine leikne, ekspressive og musikalske framsyningar. «We Come from Far, Far Away» vann Heddaprisen i 2017 i kategorien Beste framsyning for ungdom. Den har spelt på festival, på skular og turnert i inn- og utland sidan.

Produksjon: NIE. Regi: Alex Byrne, Dramaturg og kunstnarleg bistand: Kjell Moberg, Utøvara: Vaclav Kalivoda, Iva Moberg, Nora Svalheim & Robert Orr, Musikk: David Hlaváč & NIE, Scenografi: Kateřina Housková & NIE, Lysdesign: Šimon Kočí, Tekniker: Lukas Kalivoda.

FORUNDERLIGE FORTELLINGER
Sarah Camille

fredag 11.09. kl.16.30

Trudvang

foto: Kristin Aafløy Opdan

- Musikalsk forteljarteater for born!

På loftet i barndomsheimen, i ei støvete hylle, har Sarah funne boka «Emerveilles» (Forunderlig). Ei bok full av eventyr og underlege forteljingar frå den karibiske øya Martinique. Nokre av desse forteljingane vil ho dele med deg.

Med musikk og eit billedleg språk vert borna invitert inn i eit forunderleg univers. Historiane vert fortalt med poesi, rytme og song, og dialogen med publikum er til stades heile vegen.

Poet, songar og forteljar Sarah Camille har eit særeige uttrykk og ei utstråling som treff ungane. Tekstane hennar er leikne, har rytme og flyt; men også alvor og melankoli. Musikken beveger seg mot jazz, world, vise og urban.

Med sin musikk og poesi har Sarah turnert både nasjonalt og internasjonalt. Heilt siden ho i 2011 fekk tittelen «Norgesmester i Poesislam» har ho medverka ei ein rad sceneproduksjonar, både som tekstforfattar og utøvar, blant anna med Det Norske Teatret og Oslo Filharmonien. Sarah arbeider med born og unge på ulike arenaer, og er fast tilsett ved Den Mangfaldige Scenen.

Medverkande: Sarah Camille Osmundsen og Busi Ncube (musikar). Scenograf: Maria Naomi Disch. Visninga på festivalen er støtta av Jakob Sande-senteret og har fått kommunale DKS - middel frå Fjaler kommune.

HUNDREVIS AV BARN I VILL KAMP

Kilden Teater

laurdag 12.09. kl.14.00, kl. 17.00



Samvirke Scene

- Bli med på flukt inn i eit borns si fantasiverd.

På veg frå sjukehuset, der ei bestemor nett har døydd, fell ein gut frå skuldrane til far sin, og ned mot asfalten. Men i staden for å treffe bakken, fell barnet vidare og ned mot eit hav. Der nede ser han ei skute med hundrevis av born i vill kamp.

Å gå inn i born si evne til å takle kjensler gjennom leik og fantasi er utgangspunktet for den rykande ferske teksten "Hundrevis av barn i vill kamp", skrive av Eirik Fauske, som har vitja Teaterfestivalen fleire gonger. Agder Nye Teater ved Magnus Sparsaas og Sunniva Fliflet står for regien. Med ein uforutsigbar scenografi vil dei skape ein spennande leikeverd som borna kan leve seg inn i.

Lengde ca. 45 min. Framsyninga passar for born frå fem år og oppover. I delar av framsyniga vil det verte høge lydar, røyk og mørke.

Medverkande: Ragnhild Meling Enoksen og Fredrik Høstaker, Regi: Magnus Sparsaas og Sunniva Fliflet, Scenografi/ kostymedesign: Christa Barlinn Korvald, Herman Breda Enkerud, Erlend Peder Kvam, Dramaturg: Endre Sannes Hadland, lyddesign: Eirik Horremsbakk Mordal, Lysdesign: Joakim Stien, Ekstern dramaturg, tekst: Marit Grimstad Eggen, Teaterpedagog: Christine Helland. Produsert av Kilden Teater med utviklingsstøtte frå Dramatikkens hus.

STORE, SKUMLE MOBY DICK

Teater Ibsen

laurdag 12.09. kl.11.00, kl. 15.00

Granden (naust ved brua)

- Row-in teater for born med humor og spenning!

I denne fartsfylte framsyninga, inspirert av klassikaren Moby Dick, vert borna inviterte ut på eventyr - frå kvar sin båt!

Kaptein Akab er sikker på at den kvite kvalen, Store Skumle Moby Dick, har kidnappa sonen, og no vil han ha hemn. Han betalar Even og Talulah for å bli med på ekspedisjon. Saman tek dei publikum med på ei reise under vatnet, for å finne Moby. Men etterkvart begynner Talulah å tvile på oppdraget, og fleire og fleire ting tydar på at ikkje alt er som ho først trudde. Kva skal Talulah gjere, når det berre er ho, Even og Kaptein Ahab i ubåten, på tusen meters djup?

Store Skumle "Moby Dick" er eit humoreventyr for born mellom 5 og 10 år, om kvaler, framandfrykt og kjærleik. Borna vert invitert med på ei spennande reise djupt under havet, langt inn i hjartet.

Hugs at det er alltid er lurt å kle seg etter veret!

Regi: Frode Gjerløw. Skodespelarar: Dagrun Anholt, Madeleine Barosen Herholdt, Preben Lillebø Rongve. Gjestespel frå Teater Ibsen.

DET USYNLEGE BARNET
Teater Vestland

laurdag 12.09. kl.10.00, kl. 11.30
kl.13.30, kl. 15.00

Stjernetårnet

- Spennande forteljarstund i Stjernetårnet!

Saman med Teater Vestland inviterer vi til eit intimt og spennande forteljarteater, oppe i Stjernetårnet på Yksnebjør. Skodespelar Reidun Melvær Berge vil fortelje eventyret om «Det usynlege barnet» av Tove Jansson.

Ein regnfull haustdag kjem ein gammal kjenning uventa på besøk til Mummi-familien. Det viser seg raskt at ho ikkje kjem aleine. Ho vil at Mummifamilien skal passe på ei lita jente som heiter Ninni. Men det er ikkje berre lett når Ninni er usynleg! Klarer Mummitrollet og familien å hjelpe den usynlege jenta til å bli synleg att? Korleis gjer ein eigentleg det?

Framsyninga vart opprinneleg produsert som ei digital forteljarstund i koronatida. På festivalen er den del av programmet på Teaterlaurdag for born, i Stjernetårnet i Yksnebjør Barnehage. Framsyinga varer i ca 25 min, og det er berre 10 plassar pr. framsyning.

Basert på «Det usynlige barnet» av Tove Janson.
Medverkande: Reidun Melvær Berge.
Produsert av Teater Vestland.

SIRKUS STIG OG HENNY
Wakka Wakka

laurdag 12.09. kl.13.00, kl. 16.00

Løa i Jakob Sande-tunet

- Insektssirkus for dei minste!

Den Fantastiske Herr Reven presenterer verdas største og beste insektsirkus, fullt av magi og halsbrekkande sirkusnummer!

Ikkje gå glipp av den verdskjende akrobatmauren Maurizio Maurelli frå San Maurino, den levande grashoppekanonkula Hopalong Grasidy og den livsfarlege Tigeredderkoppen! Sjå den sensasjonelle snakkande hunden Svanti Schwantz, kontorsjonisten Rolli Polli, utbrytarkongen Billouni og den elegante linedansaren Prinsesse Paulina! Ei storslagen feiring av insekt, utan sidestykke!

Sirkus Stig og Henny er klassisk dokketeater, inspirert av middelalderen sin dokketeatertradisjon, med omreisande dokketeater som spelte på marknader og på gata.

Lengde ca. 45 min. Framsyninga passar for born fra 3 år og oppover.

Av og med Den Fantastiske Herr Reven og Wakka Wakka. Framsyninga er støtta av Norsk Kulturråd og utvikla i samarbeid med Sirkuslandsbyen og Figurteateret i Nordland.

DROP-IN-KOHORTDISCO
med dj_grovi

laurdag 12.09. kl. 19.30 - 22.00

Samvirket Scene



- Drop-in-disco for alle!

No kan du få din eigen lille dansefest med DJ_GROVI ! Den sagnomsuste dansegudinna er tilbake på festivalen atter ein gong, og er klar for å danse med DEG! Men du må nytte deg av tida du er der: Du og din kohort får berre tildelt 15 danseminutt! Ta fram paljettar eller dansesko og gjer deg klar for DROP-IN-DISCO MED DJ_GROVI!

Praktisk info: 6 personar får komme inn om gangen og får tildelt 15 minutt dansetid saman med DJ_GROVI. Inga aldersgrense, her er det rom for alle. Her er det førstemann til mølla! Ein melder seg på i festivalkafeen eller billettkontoret laurdag, eller ein kan møte opp å sjå om det er ledig tid!

Laurdagskvelden skjer det mykje i heile Dale. Vi vil tilrettelegge festivlakaféen som ein møteplass for dei under 18 år denne kvelden. Her kan ein gjere forskjellige aktivitetar, som å spele spel, eller prøve seg på dansgolvet til DJ_Grovi. Kanskje vert det og spontane sceneopptredenar frå barscena.
Festivalkaféen er open til 22.00 med enkel servering.

Arr. Teaterfestivalen i samarbeid med Fjaler Kommune.

ESCAPEROOM

fredag 11.09. kl. 16.00 - 20.00
laurdag 12.09. kl. 12.00 - 18.00
søndag 13.09. kl. 12.00 - 17.00

Kjelleren i gamle banken



- Klarer du å løyse saka i tide, eller vert du innelåst?

Under det gamle banklokalet i Dale ligg eit ekte fengsel. Her nede har dei færraste vore, men no har du sjansen!

På teaterfestivalen vert dei gamle fengselslokala bygd om til eit Escape Room. Det er eit rom der du må løyse gåter og oppgåver innan ein tidfrist for å sleppe ut. TØR DU?

Escape Room passar for dei som har fylt 10. Maks fem publikummarar pr. gong. Ta med venner eller familien!



NORDAVINDEN
Teater Vestland

sundag 13.09. kl.12.00

Vidsyn bygdeheia

- Eventyrforteljing på fjellet!

Vi inviterer born med familie til ein flott søndagstur til Vidsyn på Bygdeheia, dagsturhytta i Fjaler. På toppen får du høyre skodespelar Kyrre Eikås Ottersen frå Teater Vestland, som vil fortelje eventyret om Nordavinden av Asbjørnsen og Moe.

Ein møter opp klokka 12.00 ved parkeringsplassen på Furnes. Derfrå går vi i samla flokk opp. Turen tek ca. 45 min, så ta med niste! Framsyninga passar for born frå 4-8 år, og varer i ca 25 min.

Med: Kyrre Eikaas Ottesen. Produsert av Teater Vestland.

RADIO FJALER

fredag 11.09. kl. 15.00
laurdag 12.09. kl. 13.00
søndag 13.09. kl. 13.00

Samvirket barscene

- Live festivalpodcast

Vi inviterer til live podcastsendinger i den koselege festivalkafeen vår, der du kan møte nokre av kunstnarane bak årets framsyningar ! Samtalane vert leia av bergensparet Idun Vik og Henning ergsvåg. Vik er skodespelar og leiar for Bergen Dramatikkfestival, medan Bergvåg er poet, litteraturformidlar og brannsupportar. Alle samtalene vert sendt seinare som podcast, om du ikkje har høve til å møte opp.

Fredag kl. 15.00:

«Fjell, frykt og kjærleik:
Camara Lundestad Joof,
Terje Isungset og
Jonas Pedersen Øren
i samtale med Idun Vik»

Dansar og koreograf Jonas Pedersen fra Høyanger har eit nostalgisk forhold til vestlandsnaturen han vaks opp i. Dramatikar Camara Joof vart invitert til å sitte ved ei bestemt fjordutsikt og skrive tekst til Desibel, medan komponist Terje Isungset gjerne finn musikken sin i fleire tusen år gamal is. Idun Vik samlar nokre av kunsntarane bak bestillingsverka «Røyst» og «Ripe» til ein samtale om inspirasjon, frykt og kjærleik, i spennet mellom individ og natur.

Laurdag kl. 13.00:

«Fotballspesial!
Dag Solstad,
Vegard Vinge,
Arve Helle i samtale med
Henning Bergsvåg«



Nokon vil meine at Dale er ei fotballbygd. Vi tester tesen i ein djuptgåande samtale om fotballens mysterier og lengselen etter heltar; Henning Bergsvåg leiar samtalen med forfattar Dag Solstad og fotballspelet-regissør Vegard Vinge og tidlegare Fjalerordførar og linjemann Arve Helle. (Ved godvær vert denne samtalen flytta ut i parken.)

Søndag kl. 13.00:

«Kunst i koronatida:
kritikarsamtale med
Therese Bjørneboe,
Chris Erichsen og
Charlotte Myrbråthen!»

Scenekunsten og kulturlivet er hardt ramma av koronakrisa-kva vert den langvarige konsekvensen? Digitalisering eller vandreteater? Vil vi sjå endringer i val av repertoar?
Til å hjelpe oss å løfte blikket og filosofere over kunstens kår i denne underlege forbodstida, har vi invitert scenekunstkritikarane Charlotte Myrbråten (BT/Klassekampen), Chris Erichsen (scenekunst.no) og Therese Bjørneboe (Redaktør, Norsk Shakespearetidsskrift). Samtalen vert leia av Idun Vik.

FJALERSPELET (AVLYST!)

heile festivalen

overalt

- Festivalleinga åtvarar mot spelentusiastar!

Vi i festivalleiinga åtvarar mot ei gruppe ivrige spel-entusiastar, som har sett seg føre å ha premiere på FJALERSPELET under årets teaterfestival. Dette skulle opprinneleg vore ei storsatsing på festivalen, men grunna både koronasituasjonen, og avslag på søknaden til Kulturrådet, har vi tatt valet om å avlyse.

Vi vel å gi dette plass i programmet, fordi vi har blitt gjort oppmerksame på at kunstnarleg leiar i Fjalerspelet, Thomas Gallagher, har planar om å komme til Fjaler og forsøke å få sett opp spelet, trass i våre forsøk på å stanse dei.

Vi vil difor nytte høve til å oppfordre alle i bygda til å stå i mot, dersom nokon frå spelgjengen tek kontakt og prøver å engasjere dykk i vaffelsteiking, bygging av sceografi, eller spele ei rolle. Sjølv ikkje om det kan være snakk om ei hovudrolle.

Vi ynskjer gjengen bak Fjalerspelet lykke til med å utarbeide sine visjonar, om ein kan kalle dei det, men ber dei innstendig om å finne ein anna bygd og ei annan festival å samarbeide med.

Fjalerspelet er representeret ved: Thomas Gallagher, Simen Formo Hay, Johan Hveem Maurud, Lars Halvor Andreassen, Didrik Hagberg, Eilif Fjeld Teisbo.

FESTIVALKAFE, BILLETTAR OG INFO!

torsdag	17:00 til 00:00
fredag	14:30 til 20:00
laurdag	09:30 til 22:00
søndag	12:00 til 18:00

Samvirket

- INFO!

Teaterfestivalen sitt billettkontor finn du i Samvirket i Dale sentrum. Her er óg vår koselege festivalkafe med sal av mat, kaffi og kaker. Kafeen held ope kvar dag under festivalen. Torsdag kveld er det festivalbar frå 21.00 - 00. 00

Billettar:

Billettar kjøper du på www.teaterfestivalenifjaler.ticketco.no. Du kan òg kjøpe på vårt billettkontor på Samvirket.

Festivalpass:

Om du har kjøpt festivalpass på nett, må du byte dette i armband før du går på første framsyning. Dette gjer du også på billettkontoret på Samvirket. Du må kjøpe plassbillett til kvar framsyning, sjølv om du har pass.

Mat:

I tillegg til vår festivalkafe i Samvirket, har vi fleire koselege spisestader i Dale. Du kan kjøpe lunsj og varmrettar på koselege Allmuen kafé og interiør i sentrum på dagtid. Fabel kafé er bygdas nyaste spiseplass, og har ope på dagtid. Kaia Pub og resturant har serverer middag torsdag og søndag under festivalen.

Spørsmål om stort og smått ? Ta gjerne kontakt!
Epost: teaterfestivalenifjaler@gmail.com
Under festivalen kan du kontakte oss på vår festivaltelefon: 97686306.

TEATER VESTLAND

BKK

FIRDA

Dramatikkens h

Publikumstjenesten
Program
(2020)
22g028988

FJALER KOMMUNE

Vestland fylkeskommune

KULTURRÅDET
Arts Council Norway

SMITTEVERN PÅ FESTIVALEN

Vi føl FHI sine smittevernreglar på alle arrangement, og følger at publikum og tilreisande gjer det same.

HUGS!

- Hald minimum 1 meters avstand
- Hald deg heime om du kjenner deg sjuk
- Hald god handhygiene og host i olbogen

Vi har smittevernansvarlege på kvart arrangement som passar på:

- At det er handsprit tilgjengeleg
- Legg til rette for at du skal greie å halde avstand
- Desinfiserer stolar og gjestandar etter bruk
- Registrerer deg med namn og telefonnr. om du ikkje har kjøpt billett på nettet.

Vi avlyser framsyningar dersom nokre av artistane kjenner seg sjuke og refunderer billettar på forespørsel.

Sjå festivalen si nettside for oppdaterte smittevernråd!